

Årsmelding for Hjartdal historielag 2017

Styret 2017

Svein Bakkalia	leiar
Torgunn Opsal	nestleiar og sekretær
Borghild Brennekåsa	styremedlem
Torkjell Tjønn	styremedlem
Audun Solberg	styremedlem
Gunvor Prestårhus	styremedlem
Torkild H Mosebø	1. varamedlem og kasserar
Torkel Hytta	2. varamedlem

Valgkomite: Svein Erik Sletta, Tone Stuvrud og Kari Haugen Skoland.

Revisor: Ingebjørg Frøland Hagen.

Styret har hatt 7 styremøte der varamedlemane har møtt på styremøta.

Vi har hatt 206 medlemmar pluss 3 æresmedlemmar i 2017. Dette er 29 fleire enn fjaråret.

Kontingenenten har vore kr 300,- inkl. gratis årbok. Dette er det samme som førre året.

Rekneskapen er revidert pr 31.12.17 med ei omsetning på kr 212 654,- og eit overskot på kr 14 750,-. Behaldninga er på kr 169 986,89 pluss 95 834,51 som tilhører tre særrekneskap.

Møter og arrangement

Årsmøtet blei halde på Løvheim Gjestehus i Sauland 8. mars med 35 medlemmar tilstades.

Årsmelding og rekneskap blei gjennomgått og godkjent. Torgunn Opsal, Torkjell Tjønn og Svein Bakkalia var på valg i styret i tillegg til Torkild H Mosebø som vara. Alle blei attvalgt. Svein Bakkalia blei attvalgt som leiar. Elles konstituerer styret seg sjølv.

Ivar T. Dahl og Anne Tone Larsen i valgkomiteen hadde fråsagt seg attvalg. Nye medlemmar i valgkomiteen blei valgt Tone Stuvrud og Kari Haugen Skoland.

Ingebjørg Frøland Hagen hadde sagt seg villig til å vere revisor i eitt år til.

Etter årsmøtet synte Anne Haugen Wagn og Guro Nordby lysbilde og fortalte om Anne Bamle sitt liv og arbeid med Aust-Telemarksbunaden.

Det har ikkje vore åpent møte med foredrag dette året, men det blei halde ein vellykka fotokveld på Bergtun 25. april med 55 personar tilstades. Gamle bilde er alltid populært. Ein del hadde vanskar med å høre det som blei sagt. Vi må sikre at det er eit brukbart lydanlegg som virkar ved neste arrangement.

Historielaget arrangerte lørdag 17. juni *Uvåsdag* saman med vertskapet Hans Jon og Brita Hjartsjø . 80 stykker møtte opp på Uvås denne fine varme junidagen. Svein Bakkalia leia programmet som hadde fått fin omtale i Telen på førehand. Hans Jon Hjartsjø fortalte om garden og hendingar der i gamal tid og visa oss rundt på garden. Leif Skoje las frå ei gammal

segn om tussane på Uvås. Toralf Sletta spela trekkspel og det blei servera lapskaus, kaffi og kaker. Alt i alt eit svært vellukka arrangement.

Det siste styremøtet i vårhalvåret blei i år avslutta med smørbrød, kaffi og kaker på Løvheim Gjestehus.

På det faste *lanseringsmøtet av årboka* torsdag 15 november var omlag 35 personar til stades. Ivar T Dahl, Leif Skoje og Svein Bakkalia las og fortalte frå artiklane sine. Ein trio frå Hjartdal musikkorps med Torild M. Skårdal på fløyte, Ellen Skeie på horn og Atle Våle på saksofon stod for flott underhaldning. Og Ingebjørg Opsal sin heimebakst er fortsatt like smakfull som tidlegare.

Telen hadde eit større oppslag om boka og innhaldet etterpå.

Førjulskvelden med julemat på Tuddal høyfjellshotell blei også i år halde saman med «Kjerringkveldane» i Tuddal. Det var over 50 deltagarar på årets julearrangement onsdag den 13. desember, fleire i fellesbuss frå Hjartdal. Dette er litt færre enn fjoråret og skuldast m.a. kollisjon med julebordet til Skagerak.

Kvelden blei framifrå leia av Borghild Hovde Brennekåsa. Spelemann Lars Ingar Meyer Fjeld stod for underhaldninga saman med Kari Haugen Skoland. Framifrå spel og song. Halvor Langåsdalen takka for maten som alle hadde berre godord om. Det har berre vore skryt å høre etterpå.

Som fjoråret var også dette året historielaget å treffe på *biblioteket kvar onsdag* mellom kl 18 og 20. Frammøtet har variert, men det er stadig folk innom og praten går livleg.

Turar

Lørdag 27. mai reiste 38 personar i historielaget på tur med buss til *Midtgard historiske senter* i Borre i Vestfold. Etter kaffi og rundstykke og ei orientering om området og anlegget, gjekk turen gjennom delar av området ned til Gildehallen. Denne hallen er rekonstruera slik vi trur ein slik bygning kan ha sett ut i vikingtid. Her var det foredrag om bygningen og bruken av den. Besøket blei avslutta med suppe, kaffe og kaker.

På heimvegen var vi invitera til kaffi heime hos Anne og Kåre Nordal. Ei hyggeleg stund i ein vakker heim like utanfor Borre.

Årbok 2017, Hjartdalskalenderen og Kontaktbladet

Årbokkomite for Årbok 2017 har som før vore Svein Bakkalia, Torgunn Opsal, Leif Skoje og Torkjell Tjønn.

Årets bok var den sjuande årboka og opplaget er nå på det nærmeste utsolgt. Boka er fortsatt gratis for medlemmene. Prisen er kr 200 i utsalg og økonomien er god. Arbeidet i årbokkomiteen går godt, stadig nye forfattarar melder seg. Årboka er viktig i historielagsarbeidet.

Kalenderkomite for Hjartdalskalenderen 2017 har vore leiar Torkel Hytta, Ivar T Dahl, Ingunn Hovde, Audun Solberg, Tone Stuvrud og Kari Skoland. Kalenderen er populær og går med eit bra overskot. Prisen er kr 100.

Kontaktblad for Hjartdal historielag nr 48 blei sendt ut i juni til alle husstandar i kommunen saman med innbetalingsblankett for medlemskontingen. Dette vart gjort for å verve nye medlemmar og fekk eit flott resultat med heile 29 nye medlemmar. Innhaldet var m.a. stoff om Sauland i norsk målarkunst, turen til Midtgard historiske senter i mai og landkommunen Hjartdal på skulefjernsynet i 1967.

Kulturminnene

Styret har gjennomført to utvida styremøte om kulturminner etter dette opplegget:

- 1: Historikk om kulturminnevernet i Norge.
- 2: Riksantikvaren og kulturminnene.
- 3: Hjartdal kommune og kulturminnene.
- 4: Kulturminnene i Hjartdal. Freda og verneverdige kulturminner.
- 5: Registrering av kulturminner. Kulturminnesøk.
- 6: Historielagets arbeid med kulturminner.

Det er laga eit styrehefte etter same oppsett som diskusjonsopplegget. Vi har gått gjennom historikk, Riksantivarens organisering og oppgåver og Hjartdal kommunes arbeid, eller mangel på arbeid, med kulturminner. Og vi har tatt for oss databasene Askeladden og SEFRAK og spesielt korleis registrere kulturminner i publikumsdatabasen Kulturminnesøk. Pkt 4 og pkt 6, oversikt over freda og verneverdige kulturminner og ei konkret prioritering og plan for kulturminnearbeidet i historielaget skal tas opp nå i vinter og vårhalvåret.

Kulturminnefondet

Det hadde kome inn tre søknadar til Kulturminnefondet innan fristen 1 april. På styremøte 4.4.17 blei det løyva;

- kr 6000 til Audun Solberg til C-14 datering av jernslagg i Vikdalen i Tuddal
- kr 6000 til Audun Solberg til C-14 datering av jernslagg ved Skjesvatn i Hjartdal.
- kr 5000 til Sverre Haugan til arbeidet med å tidfeste gammalt loft på Haugan i Hjartdal.
- kr 5000,- til Lars Haugen og Espen Haugen til måling av Lonar gamle skule. Dei oppfordrast til å sette opp ei tavle med informasjon om bygget og plassen.

Ingen av prosjekta er slutført og derfor ikkje utbetalt.

Styret tilførte fondet kr 13 000 i budsjettet for 2017 . Fondets saldo er nå kr 51 756,32.

Registrering av gamle buplassar

Prosjektet med registrering av husmannsplassar har fortsatt i 2017. Torkel Hytta er prosjektleiar. Registreringa i Sauland og Tuddal er stort sett ferdig. I Hjartdal har registreringa ikkje kome igang. Arbeidet med å finne stoff, skrive om dei enkelte plassane og

legge dei inn på kart er godt igang. Det er meiningsa at den første av fem bøker skal vere klar første halvår 2019.

Lokalhistorisk arkiv

Arbeidet med historielagets arkiv pågår fortsatt. Styret har intensivert arkivarbeidet i haust.

Arkivet inneheld eit dokumentarkiv, eit fotoarkiv, eit lyd og filmarkiv og ei boksamling.

Saman med sjølve arkiveringa blir materialet digitalisert. Men det er langt att før arkivet er presentabelt.

Det er nå utsikt for nye lokaler for plassering av arkivet. Det er for liten plass på biblioteket så historielaget og arkivet kan bli lokalisert på forskjellige stader.

Andre saker

- Mølla-ny bruk.

Frøydis H Skoje og Geir J Hagen er valgt som historielagets representantar for perioden 2017-2018. Erling Wang er kommunens representant. Styret har fått stiftelsens årsmelding og rekneskap for 2016 og desse er tatt til etterretning.

Svein Bakkalia var på møte med Hjartdal kommune 18.08.2017. Tilstades var Hjartdal kommune v/ ordføraren og representantar frå Hjartdal historielag, Mølla-ny bruk og Tuddal museumslag. Tema var samarbeidet med Norsk Industriarbeidermuseum (NIA).

- Bygdedagane.

Historielaget var som vanleg til stades på bygdedagen i Tuddal med informasjonsmateriell og salg av bøker. Det blei ikkje arrangert bygdedag i Sauland i 2017 pga bygginga av ny skule og Slåttefestivalen i Hjartdal blei borte i regnbygene.

- Nytt høgtalaranlegg.

Det er kjøpt inn nytt høgtalaranlegg til bruk på historielagets arrangement. Totalkostnad kr 20 675,-

- Årsmøtet i Telemark historielag

Leif Skoje og Svein Bakkalia deltok på seminaret til Telemark historielag på Telemark museum i Skien 22. april med tema NS i Telemark.

- Audun Solberg frå historielaget deltok i oktober på NVEs befaring i samband med revisjonen av konsesjonsvilkåra for Hjartdølkraftverkene.

- Sosiale medier

I tillegg til den faste nettsida vår legg vi ut bilde og meldingar om arrangement på historielagets sider på facebook.

Styret i Hjartdal historielag

Svein Bakkalia

leiar